

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ragnhild Aanestad/Margreta Hauge
Clementsens

Arkiv: F00

Arkivsaksnr.: 17/3422 - 1

Planlagt behandling:

Senior og brukarråd – til orientering
Hovudutval helse og velferd

HELSE OG VELFERD MOT 2025

Bakgrunn for saka

Helse og velferd engasjerte hausten 2017 konsulent Rune Devold, for å gjennomføra ein drifts- og ressursanalyse av tenesteområdet helse og velferd. Målet med analysen var å finna ut om drift og ressursfordeling støttar Taktskifte. Vi veit at behov for tenester vil auka, og det vil vera færre personar som kan gje tenester. Det krev at vi må tenka, skapa og levera tenester på nye måtar.

Resultat av drifts- og ressursanalysen er lagt fram for hovudutvalet, formannskapet og alle tilsette i helse- og velferd. Det er sett i gang eit omfattande utviklingsarbeid i etterkant, og dette arbeidet vil føregå i lengre tid framover.

Rapporten

Hovudfunn i rapporten:

- Analysen viser at det ikkje er samsvar mellom mål og fokus i Taktskifte, og faktisk ressursbruk og ressursfordeling mellom tenestene i helse og velferd.
- Klepp ligger under landsgjennomsnittet i samla utgiftsbehov, men bruker vesentleg meir pengar enn samanliknbare kommunar innan pleie- og omsorg.
- Klepp bruker mindre enn landsgjennomsnittet på sosialteneste, kommunehelse og barnevern.
- Ressursfordelinga prioriterer dei eldste (heimeteneste, psykisk helse og rus, institusjonar) og miljøtenesta framfor dei tenestene som rettar seg mot yngre og meir førebygging.

Tilrådingar

Devold gir følgande tilrådingar i rapporten:

- Sikra reell oppslutning om Taktskifte i heile organisasjonen for å trekka i same retning.
- Få på plass eit effektivt tenestekontor med ansvar for all forvaltning.
- Prioritera arbeidet med å få på plass felles kriterier for tenestene.
- Analysera arbeidsmønstre og ressursbruk i tenestene, for å sjå korleis omfordeling av ressursane kan støtta Taktskifte.
- Få ned kostnader i institusjonsdrift.
- Endra tildeling av heimetenester, frå dei med mindre behov til dei med større behov.

Rapporten peiker på mange konkrete tiltak som det bør tas fatt i for å endra kurs. Vidare blir det poengtert at drifta i dag er resultat av mange års praksis og ein innarbeidd kultur, og at omstilling vil ta tid.

Oppstart av utviklingsarbeid

For å sikra ein god prosess, er ekstern bistand trekt inn i arbeidet. Designfirmaet Eggs blei engasjert, og har til nå deltatt på to samlingar. Eggs har bidrege til ein god start, gitt mange nyttige innspel, og dei har vore med å peika ut ein god retning vidare.

Det er gjennomført to heildagssamlingar. 13.november for kommunalsjefen si leiargruppe og tillitsvalde, og 17.november for alle leiarar i helse og velferd og tillitsvalde.

Målet med første samling var å få ei felles forståing av situasjonen, og å prioritera nokre konkrete tiltaksområde som leiargruppa ser som spesielt viktige å starta med.

Målet med andre samling var å etablere prosjektgrupper og starta arbeidet med å planlegga konkrete tiltak og utarbeida prosjektplanar. Det blei etablert fire prosjektgrupper.

Organisering av arbeidet med Helse og velferd mot 2025

Det er lagt vekt på brei involvering både frå innbyggjarar, tilsette og tillitsvalde. For å få med innbyggjarar i arbeidet, er Jærbladet, kommunens nettsida, digitale skjermar og frivilligsentralen nytta. Senior og brukarrådet har deltatt i utvelging av innbygarrepresentantar.

Styringsgruppa er samansett av kommunalsjefen si leiargruppe, tillitsvalde og innbygarrepresentant. Styringsgruppa har første møte 23.januar og skal framover møtast kvar 3. veke. Styringsgruppa har beslutningsmyndighet.

Det er etablert fire prosjektgrupper. Ei for institusjon, ei for barn og unge, ei for heimetenester og ei for tenestekontoret. Prosjektgruppene er ulikt samansette, og består av tilsette, tillitsvalde, erfaringskonsulentar og innbygarrepresentantar. Kvar prosjektgruppe skal utarbeida konkret prosjektplan med delmål, tiltak og milepælar for dei seks første månadene. Andre tiltak må sjåast i eit langsiktig perspektiv.

Prosjektgruppene kan oppretta arbeidsgrupper som har fokus på konkrete tiltak og område.

Prosjektgruppa for barn og unge ser utviklingsarbeidet i samheng med det pågåande arbeidet med oppvekstplan.

Forventa gevinst av arbeidet

Nokre tiltak skal setjast i verk første halvår. Dette gjeld mellom anna endring i drift av pensjonatet, utarbeiding av tenestekriterier og endring i funksjon og ressursar til tenestekontoret. Vi er i oppstart med eit arbeid som framover skal visa ei rettare ressursfordeling, og betre samsvar med prioriteringar i Taktskifte.

I tillegg til endra ressursfordeling og økonomisk gevinst er det forventa at dette utviklingsarbeidet fører til nye arbeidsmåtar i tråd med Taktskifte, betre samhandling med innbygarane og betre samhandling internt.

I det vidare arbeidet er det viktig å trekka inn ekstern bistand med kompetanse på tenesteutvikling og prosessleiing. Erfaringane er gode når det gjeld å ha med designfirma i arbeidet. Det er eit omfattande utviklingsarbeid som er sett i gang, og det er krevjande å driva fleire prosessar parallelt. Designfirmaet vil ha rolle både inn i prosjektgruppene, vera støttespelar for kommunalsjefen og leia prosessar på dagssamlingar. Det blir foreslått å bruka kr 500.000 av fond til dette føremålet i 2018.

Igangsette tiltak

- Utkast til tenestekriterier skal leggjast fram for styringsgruppa 23.januar. Deretter blir det 6 månaders utprøvsperiode, eventuelt justering av kriteriene før dei blir lagde fram til politisk behandling hausten 2018.
- Tre årsverk i tenestekontoret er lyste ut internt i helse og velferd.
- Flytting av Sirkelen 2 etg til Kleppheimen 3 etg i løpet av første halvdel av 2018.
- Kvar avdeling i miljøtenesta, psykisk helse/ rus og heimesjukepleien utarbeider handlingplan for kostnadsreducerande tiltak.
- Utarbeiding av tiltaksplan for utfasing av Alderspensionatet.

Vedlegg:

Drifts- og ressursanalyse for helse og velferd 2017. Devold-rapport.

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Hovudutval for helse og velferd støttar utviklingsarbeidet slik det er lagt fram i saka.
2. Status og resultat av arbeidet skal leggest fram for hovudutval for helse og velferd med jamne mellomrom, første gong august 2018.
3. Hovudutval for helse og velferd støttar at inntil kr 500.000 frå fond kan nyttast for å engasjera eksternt designfirma i utviklingsarbeidet.

Rådmannen i Klepp 16.01.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.